

# Serviceerklæring Ulvik herad

## AVLASTNINGSSOPPHALD I INSTITUSJON

### **Heimelsgrunnlag**

Helse og omsorgslova §§ 3-1, 3-2 pkt 6 -d), Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om verdig eldresomsorg i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova.

### **Føremål med tenesta**

-Tilbod om avlastning er for pårørande med tyngjande omsorgsarbeid for fam.medlemer

### **Kven kan få tenesta**

- Avlastning vert innvilga personar og familiar som har tyngjande omsorgsoppgåver knytt til nære familiemedlemer som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv og er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greia seg i det daglege
- Det skal ha vore vurdert eller prøvd ut andre kommunale hjelpeordningar i heimen og fysisk utbetring av eigen bustad med aktuelle støtteordningar/deltenester

### **Innhaldet i tenesta**

- Bebuar får tilbod om å få dekka grunnleggjande fysiologiske behov med vekt på omsorg og fagleg kompetanse
- Opphald som del av kartlegging og observasjon av funksjonsnivå
- Standard hygieneartiklar vert dekka av institusjonen (shampoo/såpe/tannpleiemiddel) - du må sjølv halda andre toalettsaker (fuktighetskrem, deodorant, etterbarb.vatn, o.l.)
- Vask av privat tøy som er merka

#### ETTER YNSKJE:

- Tilbod om deltaking ved ulike sosiale arrangement / aktivitetar under opphaldet
- Formidla samtale med prest
- Tilbod om frisør/fotpleie ( må betalast av den enkelte)

### **Kva du kan forventa av oss som tilsette**

- Me møter deg på ein respektfull og høfleg måte
- Tilsette held teieplikta
- Me vil arbeida for å få til eit samarbeid med deg som er basert på tillit og tryggleik
- Tilsette har faglege og personlege kvalitetar/kokmpetanse til å løysa og utføra oppgåvene
- Du får tilpassa hjelp og rettleiing med støtte og hjelp til å oppretthalda ein viss form for eigenaktivitet og funksjonsnivå

### **Kva forventar me av deg som brukar/pårørande**

- At du/pårørande tek med deg nok privat tøy som er merka m/namneband el.merkepenn
- At privat tøyet er funksjonelt og tåler hyppig vask
- Tøy som må rensast må du eller dine nærmaste ordna
- At du tek med deg medisinske forbruksvarer som du treng under opphaldet.

-At du ikkje ber om hjelp på område som du klarar sjølv

## **Praktiske opplysningar**

- Sjukepleiefagleg ansvarleg: avdelingsleiar omsorg
- Eit avlastningsopphald inneheld ikkje legetilsyn eller fysioterapi.
- Betinging for opphold: Avlastningsopphald er for tida gratis

## **Saksgang ved søknad om avlastningsopphald:**

-det må føreliggja søknad – anten pårørande søker om avlastning eller pårørande søker avlastningsopphald for eit familiemedlem dei utfører omsorgsarbeid for

-Inntaksnemda vurderer søknaden

-Vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter vedtak i Inntaksnemda.

## **Klage på vedtak:**

-Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og grunngi kva klagen går ut på

-Klagen skal sendast Avdelingsleiar omsorg

-Klagefristen er 4 veker frå du har motteke vedtaket

-Du vil kunne få hjelp/rettleiing til å utforma klagen ved å ta kontakt med avdelinga

-Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn informasjon om saksgang i ei klagesak  
Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar omsorg

Tlf. Ulvik omsorgstun: 56527080

Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyni 30, 5730 Ulvik